

Til  
Radøy kommune v/Jo Tømmerbakke  
Lindås kommune v/Kristin Moe  
Meland kommune v/Reidun Johannessen og Helge Kvam  
Backelite Bergen (Capgemini) v/Hogne Melum Gjersvik  
Folkehelseinstituttet v/Jens Christoffer Skogen  
Jens Andreas Reigstad – HealthLine  
Harald Eikeland Simonsen – HealthLine

## Referat

### Formøte til pilot for La Linea®

**Tid:** 02.06.2017 kl. 12.00 – 14.00

**Stad:** Knarvik – Dampen i Industriutvikling Vest sitt møtelokale

#### Til stades:

Jo Tømmerbakke, Hogne Melum Gjersvik, Kristin Moe, Helge Kvam, Reidun Johannessen, Jens Andreas Reigstad, Jens Christoffer Skogen (Skype), Harald Eikeland Simonsen (Skype) og Torleiv Frotjold.

Møtet vart leia av Jens Andreas Reigstad.

#### Sak 1: Presentasjon

Vi hadde ein kort presentasjonsrunde av møtedeltakarane.

Tar med litt om Backelite – Capgemini, sidan dette er nytt i løpet av den tida vi har jobba saman:

Hogne Melum Gjersvik er no teamleiar i Backelite Bergen – ei nyoppretta avdeling hjå Capgemini Bergen. Avdelinga har god kompetanse på utvikling av digital brukaroppleving og digitale brukargrensesnitt. M.a.o. programvare som skal opplevast effektive og motiverande å bruke. Backelite/Capgemini valde i fjor ut La Linea som eit system dei ønskjer å bidra særskild til å utvikle saman med HealthLine. De finn meir info her:

<https://www.backelite.com/agency/norway/bergen/>

#### Sak 2: Kort om bakgrunn, og gjennomgang av La Linea® som system – v/Torleiv frå HealthLine og Hogne frå Backelite/Capgemini.

Torleiv og Hogne orienterte om systemet og viste nokre enkle døme på korleis La Linea ar bygd opp, og kva funksjonar som kan leggjast inn i dette.

#### Sak 3: Formål med pilotarbeidet

Alle deltakarane frå kommunane deltok aktivt med synspunkt på formål og innhald i pilot. Etter ein god dialog rundt dette, har vi ei felles forståing av at pilotarbeidet skal gå ut på å teste ut systemet i samarbeid med eit tverrsnitt av aktuelle brukarar frå dei tre kommunane.

Formålet er å få tilbakemeldingar som gjer at ein kan lage systemet så funksjonelt og enkelt som mogeleg i bruk.

#### **Sak 4: Organisering, og innhald i pilotarbeidet**

Vi vart samde om at piloten skal omfatte aldersgruppa 0 – 16 år, dvs første filter i La Linea. Når vi får denne delen slik vi vil ha den, er det enkelt å lage funksjonalitetane til dei andre aldersgruppene også

I grønn kolonne i La Linea finn ein kommunen sine fagavdelingar/einingar som har ansvar langs La Linea. Dette vil variere litt frå kommunen til kommune, men det er ti med i presentasjonen. Kommunane plukkar ut til saman ti personar som kan vere med i pilotarbeidet – dvs tre frå kvar kommune + ein som HealthLine gjer avtale med. For å forenkle arbeidet med dette, sender HealthLine ut ”bestilling” til kvar av kommunane, slik at vi får representantar frå kvar av fagavdelingane/einingane.

#### **Grovskisse på framdrift:**

##### **August:**

- Oppstart med ein workshop, der alle testbrukarane er med
- Brukartest 1
- Brukartest 2

Testbrukarane vil bruke ca. 0,5 – 1 time til kvar av desse brukartestane. Det er nettbasert, og kan gjennomførast når som helst i døgnet.

##### **September:**

- Utvikling – v/Backelite/Capgemini

##### **Oktober:**

- Etablere innhald – Kommunane, kvar for seg, legg inn tenesteinnhald og tiltak.

##### **November:**

- Utrulling og testbruk

##### **Februar 2018:**

- Evaluering

Det vart presisert at deltakarane i pilot skal representere eit tverrsnitt av brukarar. Det må helst vere personar som ikkje er avanserte brukarar av IT.

#### **Døme på brukarreiser:**

Brukarreise 1: Superbrukar: Administrere og leggje inn tenester og tiltak. ”Superbrukar” kan i realiteten være leiargruppa for dei ansvarlege einingane.

Brukarreise 2: Nytilsett lærar: Finne fram til rette tiltak for sin 1. klasse

#### **Fordeling av oppgåver knytt til organisering:**

##### **HealthLine:**

- Lage prosjektplan for framdrift, med datoar – Kristin sender oss Lindås sin mal for prosjektplan
- Sende bestilling til kommunane på testbrukarar
- Finne ein testbrukar i legetenesta
- Sikre tilgang på relevant forskning

- Sikre tilgang på evidensvurderte tiltak frå Ungsinn
- Skaffe tilgang til ulike tiltak som ikkje kjem inn under Ungsinn si liste
- Oppfølging undervegs
- Evaluering
- 

**Kommunane:**

- Gi naudsynt intern orientering om pilotarbeidet for La Linea
- Plukke ut testpersonar
- Etablere innhald i La Linea – her kan ein t.d. leggje inn det ein har, pluss eventuelt andre tiltak som ein får tilgang til i La Linea
- Utprøvningsfase
- Delta i evalueringa

**Backelite:**

- Gjennomføre Workshop
- Utføre brukartestane (1 og 2)
- Utviklingsarbeid
- Gjere La Linea klar for innlegging av tenester og tiltak i kommunane
- Bidra undervegs i utprøvningsperioden
- Evaluering
- Ferdigstilling av programmet

**Sak 5: Formalisering – avtale**

Vi var samde om at dette må skje mellom HealthLine og den enkelte kommune. Saka vart difor ikkje handsama.

Takk til alle for god og konstruktiv deltaking på møtet!

Torleiv Frotjold  
Ref.

Tlf.: 901 51 975

